

 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	<h2>Genital soppinfeksjon</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Fagprosedyrer/Annet/Annet 3	Gyldig fra/til: 29.12.2022/29.12.2024
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 3.00
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Informasjon
Dok. ansvarlig: Thurid Thune	Dok.id: D45062

Kva er genital soppinfeksjon?

Genital soppinfeksjon blir det kalla når du har genitale plager og sopp blir påvist, anten ved mikroskopi eller dyrking.

Kva er årsaka?

Soppinfeksjon i underlivet skuldast vanlegvis gjærsopp. *Candida albicans* er den vanlegaste sopptypen, men også andre gjærsoppartar kan finnast i underlivet og gje plager.

Korleis får eg denne soppen?

Gjærsopp finst normalt i underlivet hjå mange kvinner. Dette er ikkje noko ein blir smitta med. Når plagene kjem, er det vanlegvis fordi det har oppstått ein ubalanse mellom bakteriane og soppen i underlivet.

Kva er symptoma?

Ofte kjem plagene relativt akutt med intens kløe, svie og sårleik genitalt. Utfloda brukar å endre seg og bli kvit og klumpet (cottage cheese). Andre gonger er symptoma mindre uttalte som langvarig sårleik, kløe og sprekkdanning i underlivet. Smerter ved samleie er eit vanleg problem ved soppinfeksjon.

Kva kan utløyse plagene?

Det er oftast ikkje mogeleg å finne noko utløysande årsak. Mange får soppinfeksjon under eller etter ein antibiotikakur. Årsaka til det er at antibiotika tek knekken på dei naturlege bakteriane i underlivet medan soppen ikkje blir påverka og får vekse fritt. Hormon har også innverknad, gravide får mykje lettare soppinfeksjon enn andre. Personar med diabetes er også ekstra utsette.

Korleis blir diagnosen stilt?

Oftast får legen mistanke om diagnosen ut frå dei plagene du har. Legen kan ta prøve av utfloda til mikroskopi. I ca. halvparten av tilfella vil legen kunne finne sopp ved mikroskopi. Alternativt kan det sendast inn prøve til dyrking.

Er genital soppinfeksjon vanleg?

Rundt 75 % av alle kvinner rapporterer å ha hatt genital soppinfeksjon minst ein gong i livet. I visse livsfasar, spesielt under graviditet, er det mykje vanlegare. Rundt 1/3 av alle gravide vil oppleve å få soppinfeksjon i svangerskapet. Nokre få vil ha problem med gjentekne soppinfeksjonar fleire gonger i året.

Kvifor er det nokon som får sopp gong etter gong?

Dette er usikkert. Truleg har det noko å gjere med det lokale forsvarsapparatet i slimhinnene genitalt. Diverre har ein per i dag ikkje funne noko som betre det lokale forsvaret. Dei som er mykje plaga med sopp i underlivet, er vanlegvis heilt friske elles.

Er genital soppinfeksjon farleg?

Nei, det er ikkje farleg. Du blir ikkje steril av å ha sopp, og det er ikkje fare for at det utviklar seg til andre sjukdomar. Det er ikkje farleg for barnet om du har soppinfeksjon når du er gravid.

Kva er behandlinga av genital soppinfeksjon?

Lokalbehandling med krem og stikkpillar er førsteval. Desse preparata kan kjøpast reseptfritt på apoteket og brukar å vere effektive. Dersom du ikkje blir frisk av lokalbehandling, kan det vere lurt å gå til legen for undersøking slik at du får konstatert om det er sopp som er årsak til plagene. Legen kan då vurdere kva behandling som vil vere best for deg.

Skal sopp alltid behandlast?

Dersom det blir funne sopp og du ikkje har plager, treng du ikkje behandling.

Treng partner behandling?

Genital soppinfeksjon er ikkje ein smittsam sjukdom. Friske menn kan få kortvarig utslett på penis dersom den kvinnelege partneren har genital soppinfeksjon. Menn treng oftast ikkje behandling, plagene går over av seg sjølv. Soppen blir ikkje smitta attende til den kvinnelege partneren sjølv om mannen ikkje får behandling. Menn med diabetes eller svekka immunforsvar kan bli plaga med sopp på penis og kan ha behov for behandling.

Kan eg gjere noko for å førebyggje soppinfeksjonen?

Sidan det vanlegvis ikkje er mogeleg å finne noko årsak til genital soppinfeksjon, er det også vanskeleg å gje gode råd for førebygging.

For nokon kan det hjelpe å unngå tronge og syntetiske klede. Vasking fleire gonger dagleg og bruk av sterke såper er heller ikkje heldig.

Kva gjer eg dersom eg har sopplager mange gonger i året?

Du bør då ta det opp med legen din. Det er viktig å ta prøvar for å slå fast om det er sopp som er årsaka til plagene. Det går an å prøve langtidsbehandling, men diverre er det slik at plagene ofte dukkar opp att når du sluttar med medisinen.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

Avdeling: Poliklinikk for SOI, Hudavdelinga

Telefon: 55 973962

www.helsebergen.no